

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet

Sak nr. 71/04

Saksbehandler: Ivar Slettebø  
Arkivsak: 04/01194-007

Arkiv: 203  
Møtedato: 06.09.04

## SKATTEOPPKREVJARFUNKSJON - HØYRING

### Vurdering:

I Noreg er det felles innkrevjing av inntektsskatt, formueskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle skattekreditorar. Fellesinnkrevjinga ligg i dag til den kommunale skatteoppkrevjaren, som og fører skatterekneskap og utøver arbeidsgjevar kontroll på fellesinnkrevjingsområdet

Stortinget har 2 gonger dei siste 10 åra handsama skatteinnkrevjar organiseringa. Ved baa handsamingane slo Stortinget fast at kommunane skal ha ansvar for skatteinnkrevjinga i Noreg, og at innkrevjinga skal skje lokalt i distrikta.

Finansdepartementet har likevel sett i gang eit nytt utgreiingsarbeid som omhandlar kven som skal drive skatteinnkrevjing i framtida. Skatteoppkrevjarutvalet som blei oppnemnt av Finansdepartementet 26. mai 2003 har nå lagt fram si innstilling. Eit fleirtal føreslår å statleggjera skattinnkrevjinga i Noreg, mens mindretalet vil fortsetja med kommunal skatteinnkrevjing.

Fleirtalet (for statleggjering) legg vekt på fylgjande :

- større kommunar har eit betre innkrevjingsresultat enn små kommunar, ved å slå saman fleire skatteoppkrevjar kontor kan ein oppnå spesialiseringsgevinst, stordriftsfordeler og betre kompetanse
- nærhet mellom skattytar og skatteoppkrevjar er viktig, men dette kan kompensert med kontor med brei og høg kompetanse og ein vil stå betre rusta mot illojale skattytarar.
- dagens organisering verkar uoversiktleg og tungvint, og ein statleggjering vil auka muligheten for ein meir brukarvenleg organisering
- viktig med skilje mellom fastsetjing (likningskontoret) og innkrevjing (skatteoppkrevjar) Dette kan taklast på same måte som organiseringa av til dømes meirverdiavgift og kommunale avgifter
- fleirtalet meiner at ein statleggjering vil gje betre styring og vera meir effektivt med ein betre samordning av kontroll og innkrevjingsressursar.

Rådmannen har fylgjande merknader til høyringa:

- dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å krevje inn mellom 99 % og 100% av utlikna skatt. Dette skuldast god kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skattytar. Såleis vil det ikkje vera noko å tene på ein statleggjering av skatteinnkrevjinga.

- kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga fører til god rettssikkerhet for skattytar ved at det etablerer eit klart skilje mellom den sida som fastset skatten (likninga) og den sida som syter for innkrevjing av skatten. Avstanden mellom fastsetjing og innkrevjing av skatt er slått fast som ein grunnleggjande føresetnad i tidlegare utgreingar og i Stortingsbehandling av skatteinnkrevjing. Statlege likningskontor og kommunale skatteoppkrevjar, slik vi har det i dag, gjer den beste rettssikkerhet.
- rådmannen vil vidare vise til den store betydninga kommunalt ansvar for skatteinnkrevjing har for den samla økonomiforvaltninga i kommunen. Kommunal skatteinnkrevjing medfører effektiv drift og ressursbruk ved at denne kompetanse også kan nyttast ved innkrevjing av kommunale krav. Dette bidreg til å oppretthalde levedyktige innkrevjingsmiljø i små og mellomstore kommunar.
- det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora utøver god brukarservice. Ei landsomfattande undersøking gjort av Norsk Gallup i 2002 stadfestar at dei kommunale skatteoppkrevjarane scorer mykje betre en dei statlege skattekontor når det gjeld tilgjengelighet, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutsigbarhet i saksbehandlinga.

Eventuell statleggjing av skatteinnkrevjinga har negative fylgjer, ikkje bare for kommunal sektor, men og på nasjonalt nivå.

- eventuell statleggjing av skatteinnkrevjinga vil medføre sentralisering og dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøet
- statleggjing og sentralisering vil gjera det mindre mogeleg for dei folkevalde å få innsyn i skatteinnkrevjinga
- statleggjing av skatteinnkrevjinga vil føra med seg store overgangskostnader. Dei skal etablere nye kontor med den oppstart, drift og planleggingskostnader det fører med seg. Det ein sparar på den kommunal sida ved å ta bort nokre få tilsette i kvar kommune, som til vanleg har kontorfellesskap med dei andre i kommuneadministrasjonen, blir ubetydeleg. Tilsetjing, opplæring og kompetanseoppbygging for nye skatteoppkrevjarar vil medføre ei betydeleg utfordring
- eventuell statleggjing vil etter tidlegare praksis medføre at tilskotet til kommunen blir redusert minst like mykje som kommunen sine kostnader til innkrevjing.

Konklusjon:

Klepp kommune har i dag ei skatteinnkrevjing som er effektiv og av god kvalitet. I tillegg føreslår skatteinnkrevjingsutvalet ytterlegare forbetringar. Desse kan gjennomførast uavhengig av statleg eller kommunal organisering. Rådmannen tilrår derfor at skatteoppkrevjinga framleis blir ei kommunal oppgåve.

**Innstilling:**


Rådmannen sitt framlegg til vedtak:


1. Klepp kommune støtter mindretallet i skatteoppkrevjarutvalet om framleis kommunal skatteinnkrevjing.

**Samrøystes VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vert godkjent.

Rett utskrift, 08.09.04

  
Elfin Lea  
ordfører

  
Anbjørg Wetteland  
formannskapssekr.

Kopi til:

Finansdepartementet, skatteavd, Postboks 8008 Dep. 0030 Oslo

Økonomisjef Viggo Johansen

Avdelingsleiar skatteavd. Ivar Slettebø